



Eid fjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-26  
Journalpostid: 22/4774

Saksh: Glenn Wiik  
Telefon: 53673535

Arkivkode K1-033  
Dato: 05.04.2022

## Møtebok, 04.04.2022, 09.00 – 11.00

Frammøte: Marete Sæbø, Johanna Håbrekke, Harald Næss, Frode Eriksen, Ole-Johnny Odland.

Forfall: Sigrid Bu

Vara møtte: Gunnvor H. Veka

Ikkje møtt: Magnar Røise

### Sak 47

#### Godkjenning av møtebok

Det var ingen merknader til møteboka. Møteboka er godkjent.

### Sak 48

#### Stortingsmelding om innspel til folkehelse

Leiar på bygdaheimen, Karin F. Thrane, orienterte om status for folkehelsearbeid i Eid fjord kommune (sjå vedlegg)

Dette arbeidet har mykje til felles med arbeidet me gjorde i samband med rapporten «Leve heile livet» som kommunestyret vedtok å implementera i ulike samanhengar hausten 2021.

Folkehelse er i sitt vesen førebyggjande arbeid som gjeld alle i alle aldrar. Dette arbeidet har hatt lite fokus i kommunen dei seinare åra. Tidlegare hadde kommunen eigen folkehelsekoordinator i 50% stilling, men har dei siste åra vore ein tilleggsfunksjon på kultursektoren utan ekstra ressursar. Det seier seg sjølv at dette er ei nedprioritering av det som Eid fjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne ser på som noko av det viktigaste kommunen kan arbeida med innanfor helsesektoren.

Kommunen har, riktig nok, søkt om og fått midlar til nokre tiltak i 2021;

-«ut på middag», eit populært tilbod til seniorar som no diverre er slutt.  
-datahjelp for seniorar.

### Sak 49

#### Status ambulerande høyrselege



Hardanger

Eid fjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eid fjord

Org.nr:  
Bankgiro:

944 227 121  
3450.19.60006

Telefon: 53 67 35 00  
Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)

Kommunestyret vedtok i desember 2021 at det skulle arbeidast vidare med denne saka. Mange som i dag tilbyd spesialisthelseteneste nærmar seg pensjonsalderen. Konsekvensen er at det alle meste av desse tenestene vert samla i Bergen. Det er ikke realistisk at me får spesialisthelsetenester til alle bygder. Me kan håpa at det vert slike tilbod på Voss i framtida. Det er uansett betre for pasientar i Eidfjord å dra til Voss i staden for ei lang og slitsam reise til Bergen.

### **Sak 50**

#### **Snøbrøyting for eldre og funksjonshemma**

Vaktmeistertenesta i kommunen tilbyd noko hjelp med snøbrøyting, slik at folk kjem seg ut på vegen. Meir omfattande brøyting må avtalast med personar som har slikt utstyr og som vil ta på seg denne ekstratenesta mot betaling. Det er opp til kvar einskild å gjera slikt avtale.

### **Sak 51**

#### **Samarbeidsutvalet på bygdaheimen.**

Det er ikke vald personar til samarbeidsutval på bygdaheimen. Det er reglar for samansetjing av slikt utval, og leiar på bygdaheimen vil starta arbeidet med å få oppretta slikt utval. Godkjenning av utvalet vert gjort i kommunestyret.

### **Sak 52**

#### **Informasjon frå «Leve heile livet»**

Saka går ut sidan ho var teke opp i sak 48, St.melding folkehelse.

### **Sak 53**

#### **Status treningsapparat ved bygdaheimen.**

Apparatet er klart til montering. Pga av vinter og tele har arbeidet med montering vore utsett, men skal no gjerast etter påske.

### **Sak 54**

#### **Ymse**

- Overføring av gudstenester og annan aktivitet i kyrkja til bygdaheimen. Mange bebuararpå bygdaheimen saknar overføring frå tilstellingar i kyrkja. Teknisk er det ikke dei største utfordingane, men personvern er kanskje det. Dette burde med få til, og sekretær snakkar med prest og IT-konsulent for om mogleg få fortgang i saka.
- Ringetid på legekontoret. Store delar av dagen er det ikke mogleg å få kontakt med legekontoret. Ein må halda seg til visse ringetider, elles er det legevakt 116117 eller naudtelefon 113. Rådet synst dette er for dårlig, og me vil gjerne diskutera dette med legekontoret med håp om større fleksibilitet og enklare høve for innbyggjarane i kommunen. Me vil invitera legekontoret til å stilla på neste møte for å sjå om det er mogleg å gjera endringar.
- Bustadskonferanse i Bergen i mai. Påmeldingsfrist for interesserte kjem me tilbake til.
- Møteplan fram til sommaren. Marete Sæbø lagar møteplan som vert sendt ut på epost til medlemer og varamedlemer når den er klar.
- Straumstøtte til innbyggjarar i kommunen. Rådet hadde forslag til slik støtte i budsjettsak i kommunestyret desember 2021. Det vart dverre nedstemt. No ser me at straumutgiftene til vanlege hushaldningar kjem til å verta høge gjennom heile året og kanskje i fleire år framover. Me vil difor ta opp saka på

nytt og be kommunestyret vurdera tiltak på nytt. Ein av våre rådsmedlemer, som også sit i kommunestyret, vil ta dette opp på neste kommunestyremøte 2.mai.

Til å skriva under møteboka: Marete Sæbø og Harald Næss

Marete Sæbø

Harald Næss

---

(leiari)

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

Glenn Wiik  
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok